

# Møteinnkalling

Dato: 28.11.22

Til:	Medlemene i Kompetanseforum Vestland		
Emne:	Kompetanseforum Vestland - Møteplan for møtet 9. desember 2022	Sak:	24/22-30/22
Møtetid:	Fredag 9. desember kl. 09:00 til 12:00	Møtestad:	Fylkeshuset Sandsli, Fylkesutvalssalen

## Agenda

- Sak 24/22 Velkommen (til 09:10)
- Sak 25/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 21/10 2022 (til 09:15)
- Sak 26/22 Ny rapport: Kompetanse- og kunnskapsbehov for det grønne skiftet (til 9:35)
- Sak 27/22 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Årsplan 2023 (10:15)
- Sak 28/22 Utdanningsinstitusjonane sine tilbakemeldingar på innspel om kompetansebehov/dimensjonering (til 11:15)
- Sak 29/22 Felles brev til Kunnskapsdepartementet (til 11:45)
- Sak 30/22 Eventuelt ( til 12:00)

**Sak 25/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 21/10-2022**

Referat i vedlegg 1.

**Sak 26/22 Ny rapport: Kompetanse- og kunnskapsbehov for det grønne skiftet**

På oppdrag frå LO og NHO har Oslo Economics utgreia kunnskaps- og kompetansebehovet som er naudsynt for at Noreg skal lukkast med å bygge nye, grønne verdikjeder. I rapporten vert kompetansebehova knytt til åtte verdikjedar kartlagt. Det vert peika på at det er betydelege kunnskapsbehov i alle desse verdikjedene, som krev ein stor innsats innan forskning og utvikling både for ny teknologi og vidareutvikling av eksisterande teknologi. Ann-Kristin Kristoffersen (NHO) presenterer hovudfunn frå rapporten.

**Sak 27/22 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Årsplan 2023**

Arbeidet med handlingsprogrammet til den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling har no kome til årsplan for 2023. Årsplanen skal leggjast fram for politisk behandling 23/1 2023. Oversikt over tiltaka i årsplanen innan satsinga «Kompetanseutvikling i arbeidslivet»:

- Avdekke kompetansebehov i dei grønne hubane
- Utvikle eit kompetanseprogram for industriell symbiose
- Sette saman kompetanseprogram retta inn mot det grønne skiftet og Grøn region Vestland
- Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringslivet/bransjar og studentar ved universitet og høgskule
- Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring
- Teste ut modellar for å kartlegge kompetansebehovet i den einskilde kommune
- Vidareutvikle nettskulen i Vestland for å bidra til større breidde og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile Vestland
- Etablere fysiske læringsmiljø i distrikta
- Utvikle og koordinere utdanningstilbod med utgangspunkt i lokale behov
- Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar
- Utarbeide strategi for studiesenter og desentralisert utdanning i Vestland
- Utveksle erfaring om modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor
- Utgreie moglegheitene for å opprette Y-vegen helsefag
- Utveksle erfaringar om nye modellar for samarbeid om tilbod til dei som står utanfor arbeidslivet
- Mobilisere til fleire søkjarar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket
- Styrke bruk av eksisterande NAV-ordning for å rekruttere utanlandske arbeidstakarar
- Etablere eit nettverk for karriererettleiingsaktørar i Vestland
- Kompetanseforum sender felles uttale til nasjonale myndigheiter når det er aktuelt

I møtet går vi gjennom tiltaka og diskuterer særskilt dei tiltaka som krev samarbeid mellom fleire aktørar, og dei tiltaka som er endra frå i 2022. Årsplan (med delmål, strategiar og tiltak) for 2023 i separat vedlegg

## **Sak 28/22 Utdanningsinstitusjonane sine tilbakemeldingar på innspel om kompetansebehov/dimensjonering**

Kompetanseforum har vedteke følgjande arbeidsform knytt kunnskapsgrunnlag og innspel til dimensjoneringsarbeidet:

- Møte 2 i Kompetanseforumet (mai/juni):
  - Statistikkutvalet presenterer utfordringsbilete for regionen basert på tilgjengeleg statistikk og analysar
  - Sekretariatet legg fram innspel om kompetansebehov frå dei lokale kompetanseforuma og kontaktpunkta i bransjane.
  - Kompetanseforum blir samde om nokre hovudutfordringar ein skal ta sikte på å løyse basert på dei to punkta ovanfor
- Møte 4 i Kompetanseforumet (nov/des):
  - Utdanningsinstitusjonane presenterer korleis dei har jobba med dimensjonering for det neste skuleåret.

Kunnskapsgrunnlaget for 2022 (grunna skifte av tilsette i fylkeskommunen vart kunnskapsgrunnlaget berre oppdatert og ikkje vidareutvikla i år) og innspel om kompetansebehov frå bransjar og lokale kompetanseforum vart presentert på møtet i kompetanseforum i høvesvis mars og juni. Dei peika i stor grad på dei same utfordringane som tidlegare år. Det er store behov knytt til digital kompetanse, behov for fleire fagarbeidarar og kompetansebehov knytt til helse og omsorg. Nytt dei to siste åra er at det i større grad enn tidlegare meldast om behov knytt til grøn omstilling og berekraft, og at det er kome fleire innspel om behov for desentralisert og fleksibel etter- og vidareutdanning.

### **I møtet:**

Utdanningsinstitusjonane orienterer om sitt arbeid med dimensjonering og vidareutvikling av studietilbod for det neste skuleåret, knytt til regionale behov (maks 10 min per institusjon). Vestland fylkeskommune har levert skriftleg tilbakemelding for vidaregåande opplæring (sjå vedlegg 2).

Kompetanseforum diskuterer tilbakemeldingane frå utdanningsinstitusjonane i lys av kompetansebehova i arbeidslivet i Vestland.

## **Sak 29/22 Felles brev til Kunnskapsdepartementet**

På møtet i Kompetanseforum Vestland 21. oktober vart desentralisert utdanning og den nasjonale ordninga for studiesenter diskutert. Kompetanseforum vart einige om at sekretariatet skulle skrive eit utkast til eit brev med ei felles uttale om innretninga på denne ordninga, som Kompetanseforum Vestland skal sende til Kunnskapsdepartementet. Bodskalet er at det er behov for regional koordinering av studiesentera. Utkast til brev i vedlegg 3.

## Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 21/10-22

Deltakarar:	Gunnar Yttri (HVL), Margareth Hagen (UiB) Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskolen Vestland), Knut Steinar Eitungjerde (NAV) Ann Kristin Kristoffersen (NHO), Roger Pilskog (LO), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen) Bård Sandal (Vlfk), Bjørn Lyngedal (Vlfk), Kathrin Jakobsen (Vlfk), Tor Ivar Sagen Sandvik (Vlfk)		
Fråfall:			
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	16/22-23/22
Møtetid:	Fredag 21. oktober, kl. 9.00 til 12.00	Møtestad:	Teams

Sak 17/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 24/6 -2022

Referat godkjent

Sak 18/22 Desentralisert og fleksibel utdanning – oppsummering av Stormøte 2022 og vidare arbeid

Stormøte 2022: Diskusjon/innspel:

- Stormøte hadde stort fokus på tilboda. Kva med behova?
- Det kan diskuterast om det er kompetanse eller arbeidskraft det er behov for
- Fint at velferdssektoren vart inkludert
- Vi skal dekke heile bredda.
- Gode tilbakemeldingar frå salen

Desentraliser og fleksibel utdanning:

Nordland og Trøndelag fylkeskommunar har saman med Nord Universitet sendt eit brev til KD om innrettinga på ordninga for studiesenter. Bør Kompetanseforum Vestland ta eit liknande initiativ?

Diskusjon/innspel:

- Det er behov for koordinering. Fylkeskommunen og utdanningssektoren må samarbeide.
- Kva skal rolla til dei nye studiesentera vere?
- Utdanningsinstitusjonane treng føreseielege rammer
- Vi må få til ein regional koordinering av behov og tilbod. Det er vårt mandat. Vi har starta dette arbeidet.
- Vi må få på plass en struktur som passer alle.
- Det er litt overraskande at dette vert avgjort nasjonalt
- Vi bør skrive eit brev med utgangspunkt i Vestland

*Vedtak:*

*Sekretariatet skriv eit utkast til eit brev til KD som leggast fram for kompetanseforum i desember*

## Sak 19/22 Statsbudsjettet 2023

Fagskulen Vestland: For fagskulane sin del var dette eit semipositivt statsbudsjett. 500 nye studieplassar inn i sektoren. EVU: ca. 50 millionar til å utvikle tilbod

HVL: Har fått nedtrekk på reiseaktivitet. Sjølv om vi jobbar mykje digitalt så ikkje eit nedtrekk på reiser bra for å satse på Vestlandet. Får utteljing for å ha hatt høg kandidatproduksjon. Er bekymra for at ein ikkje fyller opp klassene på lærar- og barnehagelæruddanningane.

UiB: Har store energikostnader. Ekstra rekning på 100 millionar og vi får ingen kompensasjon for dette. Konsekvensen er svekka kjøpekraft. Får som HVL eit reisekutt. Studentar frå utanfor EU/EØS skal også betale. Pandemi-studieplassane er kutta. Oppsummert går vi inn i tøffe tider. Griegakademiet får ikkje nybygg. Vi treng nye studieplassar til medisin. Dette er eit dårleg budsjett for UiB

NHH: For NHH var dette eit budsjett til å leve med. Det var varsla eit trongare budsjett. Vi får nedtrekk som er til å handterbare. Ein bryt med gratisprinsippet for studentar utanfor EU/EØS. Vi er ikkje berre negative til dette. Vi får kvart år tusenvis av internasjonale søkarar som ikkje er kvalifiserte. Når det gjelder EVU er det behov for endringar i finansieringsmodellen. Korleis skal vi nå studentar som kjem frå små bedrifter som ikkje kan betale?

Vidaregåande opplæring: Fullføringsreforma ligg føre oss: Gjer eit breiare tilbod også til eldre aldersgrupper. Dette vil koste ganske mykje å gjennomføre. Det byrjar å komme pengar. Vi er ganske positive til at det vil kome midlar som gjer oss i stand til å utføre denne oppgåva.

## Sak 20/22 Temaplan breiband og digitalisering

Temaplanen byggjer på eit politisk vedtak i fylkestinget. I samband med vedtaket av den regionale næringsplanen planen vart det bestemt at det skulle utarbeidast ein eigen temaplan for breiband og digitalisering.

Hans Inge Gloppen deltok i møtet og presenterte arbeidet med temaplanen

Diskusjon/Innspel:

- UiB er veldig sterk på kunstig intelligens. Vi tilbyr studieemnar til alle studentar på digitalisering. Har nettopp fått eit senter for framragande forskning på feltet. Har etablert ei tverrfagleg gruppe: UiB AI. Arrangerer en konferanse 4. november saman med Bergen kommune og helse Bergen. Ønskjer å ta opp temaet seinare med ei breiare orientering.
- Tett samarbeid mellom alle aktørane er veldig viktig. Utvikle løysningar og auke digital basiskompetanse. Korleis skal vi ta i bruk alle dei digitale løysningane?
- Det skjer eit skifte her no. Vi må ta hand om digitaliseringa. Veksten må ha eit demokratisk grunnlag. Digital basiskompetanse jobbar vi med å få inn i alle utdanningar. Sjukepleie som døme: Det er samfunnskritisk at vi utdannar nok kompetanse. HVL nyttar simulering for å auke takten. Nasjonalt og i EU, blir ikkje simulering godkjend. Det er ikkje kapasitet til å utdanne nok sjukepleiarar med dagens praksiskrav. Klok digitalisering vil gjere oss å stand til å utdanne fleire.
- KD arbeidar med underlag til Utsynsmeldinga. Helse, velferd, grønt skifte.
- Fagskulen har mykje digital undervisning. Jobbar også med å få til hybrid undervisning. Det er krevjande. Vi investerer i utstyr no for å få dette til. Får ned reiseverksemda til studentane. Det er viktig for oss og for industrien. Korleis kan vi løfte kompetansen til de som allereie er i jobb? Prosjekt med Tizir og Boliden: Kompetanseheving for 180 arbeidstakarar. Tema:

Robotisering, digitale produksjonslinjer, sky-tenester mm. Dette er viktig for arbeidslivet.

- Vi har utdanningstilboda, og så er det om å gjere å få kandidatane til å bli verande i fylket. Vi treng dei for å ta dei store løfta og omstillingane. Vi må utnytte EU-midlane saman. Korleis skal vi samarbeide?
- Farten på utbygginga er også viktig. Kva er effekten av å byggje ut nettet? Då får ein like forutsetningar. Like vilkår for alle verksemder. Risikoen for å falle digitalt utanfor er mindre når ein har tilgang.

## Sak 21/22 Presentasjon av kommunesektoren sin arbeidsgivermonitor

Kommunesektoren sin arbeidsgjevarmonitor er ein statistikk- og faktapublikasjon som skildrar status og utviklingstrekk for aktuelle arbeidslivstema i kommunar og fylkeskommunar. Publikasjonen vert utgitt annakvart år. Sølvi Olrich Sørebo (KS) presenterte funn frå monitoren:

[Kommunesektorens arbeidsgivermonitor 2021: Slik er arbeidslivet i kommunesektoren - KS](#)

Diskusjon/Innspel:

- Angående lærarar: med lågare fødselstal blir det eit mindre lærarbehov, men viktig å være klar over at det er ein del ufaglært arbeidskraft i skulen.
- HVL er opptatt av at UiB skal få utdanne fleire medisinarar. Vi spelar ei viktig rolle rundt vernepleiarar og sjukepleiarar. Det var etterspurnad etter vernepleiarar på stormøtet. Dette er ei yrkesgruppe som ofte kjem i bakgrunnen bak sjukepleiarane, men som er viktige i kommunane. HVL har starta to deltidsutdanningar. Det er arbeidstakarar som allereie jobbar i kommunane.
- Mange skoler byrjar også å tilsette vernepleiarar
- Det er berre 4 % som ikkje er faglært av dei som underviser i norsk skole.

## Sak 22/22 Nasjonalt senter for yrkesfag

I Hurdalsplattforma varslar regjeringa det dei kallar auka anerkjenning av yrkesfag og praktiske utdanningar og ferdigheiter. Ei av satsingane er etableringa av eit nasjonalt senter for yrkesfag. Noreg vil ha behov for 90 000 fagarbeidarar fram mot 2035 og eit nasjonalt senter for yrkesfag blir sett på som eit ledd i å oppnå dette. Det vil bli satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på kva for mandat og finansiering eit nasjonalt senter for yrkesfag kan ha. I prosessen vil både oppgåver og kvar eit senter skal lokaliseras bli grundig utgreidd.

Kompetanseforum Vestland diskuterte korleis forumet kan bidra i denne prosessen

Diskusjon/innspel:

- Vi har politisk vedtak i Fylkestinget om å jobbe for at senteret skal leggjast til Vestland
- LO og NHO har lenge hatt eit ønske om å få til eit slikt senter. Mange har allereie søkt. LO og NHO har felles skriva eit brev til regjeringa om kva eit senter bør innehalde.
- Det har lenge vore ønskjer om nye fagbrev. Kva bør ses i samanheng og kva bør vere nye fag? Dette er ei veldig viktig oppgåve for et nasjonalt senter.
- Viktig å være klar når mandatet er klart. Kompetanseforum kan skriva under på ein slik søknad på vegne av medlemmane. Dokumentere fagmiljø, lokalitetar og kopling til FOU-nivå.

- Vestland bør markere seg her. Også interesse for eit slikt senter i HVL sine fagmiljø og på våre campus.
- Det er mange som har meldt seg på før vi veit kva dette gjelder. Vi har gode fortrinn i vår region som vi kan peike på. Peike på de gode samarbeida. Viktig for NHO at dette ikkje blir ein lokaliseringsdebatt.
- Om det er behov for at UiB stiller opp og dokumenterer den kompetansen vi har, så stiller vi opp på det.
- Vi må dokumentere kva vi har av både kompetanse og arbeidsliv. Viss vi kan lage eit felles dokument frå kompetanseforum så vil nok det vere ein fordel. Fylkeskommunen kan ta initiativ til å formulere eit felles skriv frå Kompetanseforum Vestland.
- Både LO og NHO er disponible i utarbeidinga av eit notat.

Sak 23/22      Eventuelt

Ingen saker under eventuelt

## Vedlegg 2:

### Tema: Digital kompetanse:

1. VLFK aukar opp ein klasse vg1 IT og medieproduksjon (IM) ved Arna vgs.

Vestland fylkeskommune har samla sett lyst ut 13 klassar, 195 plassar, der 7 klassar og 105 plassar er vg1, for skuleåret 2023/24.

2. Nytt tilbod på IM ved Arna vgs.

3. Læreplanane og kompetansemåla ligg til grunn for opplæringa i vidaregåande opplæring. Skulane definerer kompetansemåla vidare med utgangspunkt i det enkelte fag, og kva kompetanse som det er forventa at eleven skal ha.

Læreplanverket definerer fem grunnleggande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og *digitale ferdigheiter*. Desse ferdigheitene er ein del av den faglege kompetansen og naudsynte reiskapar for læring og fagleg forståing. Utvikling av fagleg kompetanse skal skje i samspel med utviklinga av dei grunnleggande ferdigheitene i faga.

Dei grunnleggande ferdigheitene høyrer heime i alle fag, men faga spelar ulik rolle i utviklinga av dei forskjellige ferdigheitene.

### Tema: Helse og omsorg

Tabellen under viser endringa på utlyst tilbod på HO for skuleåret 2023/24. Hovudendringa er knytt til å opprette nokre treårige HO-løp for elevane som ikkje har tenkt seg ut i lære, men med planlagt løp mot studiekompetanse (jf. også punkt 2). Vidare er nokre tilbod på vg2-nivå justert på basert på tilbakemeldingar frå skulane om tilgang på læreplassar i regionen.

Skole	Nivå	Utd.prog	Programområde	Justering klasse	Justering plassar	Klasser	Plassar
Fitjar vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag,SK 3år	1	20	1	20
Fitjar vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	3	45
Fitjar vgs	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag	-1,0	-15	1,0	15
Fitjar vgs	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	2,0	35
Voss gymnas	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	2	30
Fyllingsdalen vgs	2	HS	Helsearbeiderfag,SK 3år	1	15	1	15
Fyllingsdalen vgs	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag,SK 3år	1	15	1	15
Os vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	2	30
Austrheim vgs	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	1,0	15
Førde vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag,SK 3år	1	20	1	20
Førde vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	2	30
Høyanger vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	15	1	15



## Tema: Fagarbeidarar

Kven skal svare: Opplæringsavdelinga i Vestland fylkeskommune

- 1) Liste opp kva for endringar Vestland fylkeskommune vil gjere i dimensjoneringa av dei yrkesfaglege studieprogramma (tal plassar, tal klassar og skule)

Skole	Nivå	Utd.prog	Programområde	Justering klasse	Justering plassar	Klasser	Plassar
Austevoll vgs	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	15	2	30
Bømlo vgs	2	NA	Akvakultur	1,0	17	1,0	17
Fitjar vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag,SK 3år	1	20	1	20
Fitjar vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	3	45
Fitjar vgs	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag	-1,0	-15	1,0	15
Fitjar vgs	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	2,0	35
Kvinnherad vgs	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	1	16	2	30
Kvinnherad vgs	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	15	3	45
Stord vgs	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	0,5	8	2	30
Kvam vgs	1	EL	Elektro og datateknologi	0,5	7	1	15
Voss gymnas	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	2	30
Amalie Skram vgs	1	SR	Salg, service og reiseliv	1	15	4	60
Arna vgs	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	-1	-15	2	30
Arna vgs	2	BA	Tømrer	1,0	15	2,0	30
Arna vgs	1	IM	IT og medieproduksjon	1	15	1	15
Askøy vgs	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	1	15	4	60
Askøy vgs	2	TP	Industriteknologi	1,0	15	2,0	30
Fyllingsdalen vgs	2	HS	Helsearbeiderfag,SK 3år	1	15	1	15
Fyllingsdalen vgs	2	HS	Barne- og ungdomsarbeiderfag,SK 3år	1	15	1	15
Os vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	2	30
Os vgs	1	SR	Salg, service og reiseliv	1	15	2	33
Osterøy vgs	2	TP	Industriteknologi	1,0	15	2,0	30
Sandsli vgs	1	RM	Restaurant- og matfag	1	12	5	70
Sandsli vgs	2	RM	Kokk- og servitørfag	1,0	15	3	45
Slåtthaug vgs	2	EL	Automatisering	-1,0	-15	1	15
Sotra vgs	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	-1	-15	3	45
Sotra vgs	2	BA	Tømrer	0,0		2,0	30
Sotra vgs	1	TP	Teknologi- og industrifag	-1	-15	4	60

Stend vgs	1	NA	Naturbruk	2	30	3	46
Stend vgs	2	NA	Landbruk/gartner næring, friluftsliv	1,0	15	2,0	30
Stend vgs	2	NA	Heste- og dyrefag	-1,0	15	4,0	77
Stend vgs	1	SR	Salg, service og reiseliv	1	15	3	51
Stend vgs	2	SR	Service, sikkerhet og admin.	1,0	15	1,0	15
Årstad vgs	2	EL	Datateknologi og elektronikk	-1,0	-15	1,0	15
Årstad vgs	2	FD	Frisør	1,0	16	3,0	45
Austrheim vgs	2	HS	Helsearbeiderfag	1,0	15	1,0	15
Austrheim vgs	2	NA	Akvakultur	1,0	13	1,0	13
Austrheim vgs	2	TP	Industri teknologi	0,5	7	1,0	15
Austrheim vgs	2	TP	Kjøretøy	0,5	8	1,0	15
Sogndal vgs	2	BA	Tømrer	-1,0	-5	1,0	12
Sogndal vgs	2	RM	Kokk- og servitørfag	1,0	15	1,0	15
Sogndal vgs	1	TP	Teknologi- og industrifag	0	0	2	28
Årdal vgs	2	TP	Industri teknologi	0,0	0	0,5	8
Førde vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag, SK 3år	1	20	1	20
Førde vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	-15	2	30
Førde vgs	3	NA	Landbruk	0		1	12
Førde vgs	3	NA	Studieforberedende naturbruk	0		1	12
Høyanger vgs	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	15	1	15
Stryn vgs	2	SR	Salg og reiseliv	1,0	15	1,0	15

### Tema: Det grønne skiftet:

Kven skal svare: UiB, HVL, NHH, Fagskolen i Hordaland/Fagskolen i Sogn og Fjordane, Opplæringsavdelinga i Vestland fylkeskommune

- 1) Er det tatt nokre nye grep for å møte kompetansebehov knytt til det grønne skiftet?

Innhald i vidaregåande opplæring er styrt gjennom det nasjonale læreplanverket. Dette består at ein overordna del og læreplanar for kvart fag.

Overordna del av læreplanen skal ligge til grunn for all opplæring. Kapittel 2 legg prinsipp for læring, utvikling og danning, deriblant tre tverrfaglege tema. Skulen skal legge til rette for læring innanfor temaa folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling skal altså vere gjennomgåande i all opplæring.

Det er ikkje eigne utdanningsprogram eller programområde som er knytt til det grønne skiftet. Firda vgs gir som einaste skule i landet tilbod om programfaget klima- og miljøfag på vg2 og vg3, eit fag som tek for seg dei store klima- og miljøutfordringane i verda. Faget inneheld mellom anna klimapolitikk, klimatilpassing, tap av biologisk mangfald («den sjettede utryddinga»), korleis næringslivet møter det grønne skiftet, korleis privat forbruk og åtferd påverkar verda, berekraftig

utvikling, og korleis ulike vitskapstradisjonar verker saman om desse problema. Elevane deltek på ekskursjonar, møter lokalt næringsliv, og får lære av ulike fagfolk utanfor skulen.

Tilbodet om klima- og miljøfag er foreløpig ei forsøksordning, og det blir arbeidd opp mot sentrale styresmakter for å gjere programfaget til ein fast del av fag- og timefordelinga.

## **Utkast: Felles uttale frå Kompetanseforum Vestland: Koordinering av studiesenter og desentralisert utdanning**

I arbeidet med den regionale kompetansepolitikken har Vestland fylkeskommune tatt initiativ til etableringa av Kompetanseforum Vestland. I Kompetanseforum Vestland sit rektorane på dei største utdanningsinstitusjonane i fylket (HVL, UiB, NHH, fylkesdirektør for vidaregåande opplæring og Fagskulen Vestland), partane i arbeidslivet (LO, NHO og KS) NAV og Helse Bergen.

Desentralisert og fleksibel utdanning er eit tema Kompetanseforum Vestland har jobba med i lengre tid. Arbeidet viser at det er store behov for kompetanseheving i arbeidslivet framover. Digitalisering og grøn omstilling er to tunge drivarar for auka behov for desentralisert og fleksibel utdanning i vår region, og særleg i bransjar som tradisjonelt har nytta seg av EVU i mindre grad.

I Hurdalsplattforma står det: «Regjeringa vil lansere ei reform for desentralisert utdanning over heile landet, blant anna gjennom lokale utdanningsssenter som i hovudsak er eigde av fylka eller har samarbeidsavtaler med eksisterande institusjonar. Utdanningsssentera skal få eit særleg ansvar for utdanning der folk bur, basert på lokale kompetansebehov.». Utlysinga frå HK-dir våren 2022 for tilskot til studiesenter var ikkje drøfta med verken fylkeskommunane eller UH-sektoren. Kompetanseforum Vestland meiner at det er eit stort behov for å koordinere dette arbeidet på regionalt nivå, og meiner at dette er ei oppgåve som bør liggje til fylkeskommunane. Dette vil være i trå med fylkeskommunane sitt ansvar for den regionale kompetansepolitikken.

Alle fylkeskommunane deltek i KDD sitt nasjonale prosjekt «Kompetansepilot». Målet med dette prosjektet er å identifisere og mobilisere verksemders behov for kompetansehevande tiltak, samt kople og leggje til rette for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i distrikts-Noreg. Prosjekta skal bidra til å utvikle og prøve ut nye måtar og modeller for å nå dette målet, samt støtte fylkeskommunane si strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk. Eit at hovudfunna i så langt i arbeidet med kompetansepiloten i Vestland er at det er behov for aktørar i regionane som jobbar med kartlegging av verksemdene sine kompetansebehov, mekling av utvikling av utdanningstilbod mellom verksemdene og utdanningsinstitusjonane, og mobiliseringsarbeid for å auke deltakinga i EVU. Dette bør vere den viktigaste oppgåva til studiesentera og er ein funksjon vi har behov for fleire stader i fylket.

Lokaliseringa av nye studiesenter må koordinerast med eksisterande studiestader i UH-sektoren, fagskulen og vidaregåande skular. I Vestland har vi 43 offentlege vidaregåande skular og Fagskulen Vestland har 5 studiestader. Høgskulen på Vestlandet har ein campusstruktur med 5 ulike campus. Det inneber at vi har svært god tilgang på undervisningslokale når det skulle vere behov for det i arbeidet med å tilby desentralisert utdanning.

Oppsummert meiner Kompetanseforum Vestland at tildeling av midlar til studiesenter må gå gjennom fylkeskommunen slik at desse kan nyttast på best mogleg måte og koordinerast med utdanningsinstitusjonane sin eksisterande tilbod og lokasjonar.